



Hardanger Fjord Nytt

www.hardangerfjord.com

Flott september i Hardanger!

Sjølvs om været i Hardanger kunne vore betre i september, kan vi notere ein solid framgang på 7% ved hotella denne månaden. Auken sto dei norske gjestane for; heile 13,4% fleire nordmenn overnatta på hotell. Hytteovernattingane var noko færre i år samanlikna med 2003, ned 600 gjestedøgn. Likevel er det 10% framgang frå i fjor for månadene januar-september. Her er det pluss både for norske og utanlandske gjestar. Det er 3 store nasjonar som peiker seg ut; Noreg 66.000 gjestedøgn, Tyskland 37.000 og Nederland 26.000. Desse står for 84% av totalen på hytte- og campingmarknaden. Alle kategoriar har framgang, størst er den på telt/campingvogn. Men det er hytteovernattingar som isolert sett er den største gruppa.

I perioden januar - september 2004 hadde Hardanger 200.556 gjestedøgn på hotell. Dermed har vi passert heile 2003, og har enno 3 månader att av året! Av dei store nasjonane er Storbritannia opp heile 38%, Tyskland ned 3%, Noreg opp 16%, Nederland opp 34% og Japan opp 25%. Vi har aldri tidlegare notert så mange japanarar på hotell i Hardanger.

Losjomsetninga steig med NOK 800.000 i september og er NOK 13 millionar betre i år enn på same tid i fjor. Romeprisen steig og i september og vi ligg på heile NOK 750 pr. utgangen av 3. kvartal, 5,2% over fjoråret. Beleggsprosenten er opp 3 prosentpoeng pr. same tidspunkt.

Det er gledeleg at den negative trenden på USA er snudd i 2004, likeins at Aust Europa (særleg Russland) har framgang. Latin Amerika kjem og i større grad, og vil truleg passere Sverige neste år om tendensen held fram.



INNHOLD:

100-års feiring.....	2
Internett og bileter.....	2
Merkevaren Hardanger.....	3
Hardanger i London.....	3
Reiselivet i Hardanger.....	4
Etne i Hardanger.....	4

100 ÅR SIDAN 1905!

Unionsoppløysinga vert feira stort i Hardanger!

21. og 22. april neste år må allereie no avmerkast i almanakken! Då vert det liv og røre i Hardanger - og særleg Ullensvang. Fylkesmannen i Hordaland i samarbeid med Landbruksdepartementet skipar til fleire aktivitetar desse dagane - alt saman i samband med markeringa av 100 årsjubileet for unionsoppløysinga.

Streif 2005 er ein opning av kulturløype i kulturlandskap - og gjennom fruktgardar, kulturlandskap og ved foten av nasjonalparken Folgefonna vert det eit spanande "streif" ved Reisøter på vestsida av Sørfjorden.

Samstundes kjem veteranbåtar, det vert kunst og kulturutstilling, demonstrasjon og sal av Hardangermat frå "ein smak av Hardanger" osb.osb.

Festkonserten vert ei markering av den sterke posisjonen Hardanger har hatt i vår nasjonale kunstsatt. På Lofthus skal m.a. Merkevaren Hardanger verte lansert - resultat av det arbeidet som har pågått sidan Hardangerkonferansen i februar i år. Hardangermenyen vert og presentert der, og det vert sett fokus på verdien av kulturlandskapet med Hardanger som døme.

Fylkesmann Alsaker leiar arbeidet med jubileet i Hardanger, og har fleire små og store overraskingar å by på i tillegg til det som til no er klart.

Vi ber Dykk følgje med på www.hardangerfjord.com utover vinteren for ytterlegare informasjon.

Fotoservice på www.hardangerfjord.com

Etter to års drift med fotoservice på nett har vi hatt stor trafikk av norske og utanlandske operatørar og media som ynskjer å profilera Hardanger i form av vakre bilete frå regionen. Totalt 500 bileter ligg ute på basen. Anerkjente fotografar som Terje Rakke, Willy Haraldsen, Trond Tandberg og Per Eide pregar mykje av innhaldet på sidene.

Vi har òg ein del bedriftsbilete, men enno ikkje fullgod samling. Dersom du går inn på www.hardangerfjord.com på undermenyen fotoservice kan du sjekke om di bedrift er representert. Å leggje inn bilete er ei gratis teneste, einaste kriterium vi stiller er at formatet må vera i to storleikar; 1) Høgoppløysing inntil A4 ca 29,7*21 cm, samt 2) Høgoppløysing inntil A5 ca 9*12 cm.

Det er fullt mogeleg lasta ned bileter frå basen til eige bruk mot betaling. For avtalepartnarar kostar dette kr 450,- og andre kr 585,- pr bilete.

Dersom du har noko spørsmål rundt dette, er det berre å ta med Siv Framnes

Er dine Internetsider brukarvennlige nok?

Resept på www.bitreiseliv.no. Der finn du BIT Reiseliv Netttest, og du kan få ein full gjennomgang av nettstaden din for 2400,- (spesialpris for RBL medlemmer 1200,-).

Kva hender i Hardanger?

Kontakt oss for informasjon om registrering, eller henvend dykk til ditt lokale turistkontor.

Merkevaren Hardanger

God framdrift i prosjektet

Etter Hardanger konferansen i februar vart det sett ned eit utval med Leiv Vambheim, Stein Ytterdahl, Steinar Lothe, Reidun Mjør, Rune Leikvoll og Helge Møller.

Dei har jobba for å sikre det økonomiske grunnlaget, men her gjenstår enno fleire søknader vi ikkje har fått svar på.

Imidlertid har Hardangerrådet gått inn med pengar, det same har Sparebanken Vest over sitt gåvefond. I tillegg har mange verksemdar i Hardanger forplikta seg, slik at grunnlaget er lagt.

Det er verdt å merke seg at entusiasmen spenner over bransjar som t.d. tungindustri, møbel, fruktnæring, verkstad, næringslag, maritim industri, kraftlag, finans etc.

Mange byrå og designarar vart inviterte til å kome med løysingar, og i desse dagar går prosjektet gjennom desse. Vidare framdrift er offentleggjering av 2-3 alternative forslag, presentasjon og debatt i ein open Hardanger konferanse i januar/februar og endeleg lansering under Unionsoppløysingsjubileet 21. april 2005.

Ein har lagt vekt på at alle verksemdar, kommunar og den einskilde harding skal kunne identifisere seg med merkevaren Hardanger, vera stolt over regionen og at Hardanger presenterer seg som eit moderne, framtidretta og solid område.

Hardanger i London

Egil Johansen, Marknadssjef ved Reisemål Hardanger Fjord, er for tida hospitant ved Innovasjon Norges kontor i London for ein 3 månaders periode. Målet er å lære den britiske marknaden betre, knytta sterkare bånd med Innovasjon Norge, samt å auka marknadsføringa av Hardanger i Storbritannia. Auken i antal gjestedøgn frå Storbritannia til Hardanger har vore enorm i år, og dette er ein auke me vonar vil fortsette i åra frametter.

I London vil Egil mellom anna delta på World Travel Market, som er verdas nest største turist utstilling for bransjen, der turoperatørar og presse frå heile verda er tilstades. I tillegg vil det verta ein del besøk hjå turoperatørar og cruise rederi i London området for å påverka dei til å velja Hardanger som ein av sine destinasjonar.

Tilbakemeldingar me får frå bransje og i frå Innovasjon Norge er at det er fornuftig å hospitere på deira utekontor, og at dette vil gje fleire fordelar for Reisemål Hardanger Fjord. Fordelen er heilt klart å vera tilstades ute i marknaden, og London er ein sentralt lokalisering

Reisemål Hardanger Fjord er godt nøgde med hospiterings opplegget i London, som dei var med det samme opplegget i Hamburg i fjor, og me har stor tru på at dette bringer fruktbare resultater for reiselivet i Hardanger.

Reiselivet i Hardanger

RØLDALSTUNET ENDRER NAMN

Røldalstunet har lagt ned drifta som serveringsstad. Bygningsmassen vert gjort om til overnattingsstad m. blant anna ein brudesuite. Endeleg innhald vert informert etterkvart. Oddbjørn ynskjer å ha ein fellesnemnar "Røldalstunet" for heile sortimentet/området. Det vert utvida mattilbod på Skysstasjonen. "Skysstasjonen Hytter & Camping"- navnet vert oppretthalden som overnattingsdel inntil vidare.

SIV OG ODDVAR - SPENSTIGE GASELLAR I HARDANGER

Røldal Skisenter er no med på Gasell lista til Dagens Næringsliv. Ein gasell er ein bedrift som leverer godkjent rekneskap, doblar omsetninga over 4 år, har positivt samla driftsresultat og unngått negativ vekst.

Dette er den einaste reiselivsverksemda i Odda som er med på lista.

Også i Eidfjord er det berre ein bedrift på lista, og det er gjengangaren Hardangerviddahallen as (tidlegare Eidfjord Kafedrift) Desse 2 er dei einaste reiselivsgasellane i heile Hardanger.

Vi gratulerar Siv Hereid og Oddvar Bratteteig!!



NY DIREKTØR VED BW KINSARVIK FJORD HOTEL

Fra 1. januar 2005 tek Frode Bjelland over som Daglig Leder - me ønskjer Frode velkommen til Hardanger!!

Leserbrev i "Grannar":

Etne i Hardanger

04.11.04

Tenk dåken å kunna sagt det til folk at Etne ligg i Hardanger, som er blant dei mest kjende plassane i Norge for turistar! Haugalandet er sannsynligvis den minst kjende plassen. Spør du østlendingar om dei har høyrte om Haugalandet, vil 9 av 10 antakelegvis svare nei.

På eit slikt sentralt tema om kva region Etne skal liggja under, bør vel spørsmålet dreie seg om kva bygda totalt sett er best tjent med, og i den sammanheng korleis kan Etnebygda utnyttast etter potensiale og beliggenhet.

Norge er eit svært populært turistmål. Vestlandet med Hardanger er vel ein av dei mest besøkte plassane for turistar som skal besøkje Norge. Dette trur eg etnebuen også må leggje vekt på om ein skal lukkast med næringsutvikling. Det er mest sannsynleg at inntektsveksten i framtida er størst på denne type næring.

Turistretta næringsutvikling er eit satsingsområde frå heile landet. Her er det også gode tilskuddsordningar og det er store og positive utfordringar for den som ynskjer.

Derfor er eg ikkje i tvil om at etnebuen bør høyra til Hardanger i framtida. Etnebygdo vil i så fall få mykje gratis marknadsføring, som ikkje kan målast i pengar.

Så for min del vil eg mykje heller bu i den første kommunen i Hardanger, enn den siste kommunen på Haugalandet.

Roy Martin Øyjord